

# Verksemdsplan 2022

---



15.12.2021

---

Øygarden brann og redning KF



## Innhald

---

1.0 Visjon og innleiing .....	4
2.0 Styret .....	4
3.0 HMS-mål .....	4
4.0 Administrasjonsavdeling .....	5
4.1 Generelt .....	5
4.2 Internrevisjon og leiinga si gjennomgang .....	5
4.3 HMS- og arbeidsmiljøarbeid.....	6
4.3.1 Vernerunde.....	6
4.3.2 Plan og måling av arbeidsmiljøet.....	6
4.3.3 Oppfølging av hms-arbeidet .....	6
4.3.4 Plan for opplæring og kurs .....	6
4.3.6 Årssamtale .....	6
4.4 Årsmelding for 2021 Øygarden brann og redning KF.....	6
4.5 Rekneskap for 2021 for Øygarden brann og redning KF.....	7
4.6 Statusrapport .....	7
4.7 Driftsbudsjett for 2023, og økonomiplan for 2023 – 2026 .....	7
4.8 Revidert investeringsplan for 2023 - 2027 .....	7
4.9 Kvartalsmøte - heiltidstilsette .....	7
4.10 Møte med tillitsvalde og verneombod.....	7
5.0 Beredskapsavdeling.....	8
5.1 Generelt .....	8
5.1.1 Leiarfora .....	9
5.1.2 Opplæring og øvingar for beredskapspersonell .....	9
5.2 Oppfølging branndokumentasjon .....	9
5.3 Seksjon for beredskap - deltidstyrke .....	9
5.3.1 Fysisk test og helsekontroll .....	9
5.3.2 Statusamtale deltidstilsett .....	9
5.3.3 Ressursplanlegging .....	9
5.3.4 Køyretrening.....	9
5.4 Utstyr, materiell og stasjonar.....	10
5.4.1 Generelt.....	10
5.4.2 Dalsneset brannstasjon .....	10
5.4.3 Skogskiftet brannstasjon.....	10
5.4.4 Ågotnes brannstasjon .....	10
5.4.5 Ø.3.Båt .....	10
5.4.6 Nye køyretøy .....	11

6.0 Førebyggjande avdeling .....	12
6.1 Generelt .....	12
6.1.1 Informasjonsarbeid .....	13
6.2 Seksjon for hms-tilsyn og opplæring.....	13
6.2.1 Om seksjonen .....	13
6.2.2 Førebyggjande prosjekt.....	13
6.2.3 Førebyggjande kampanjar .....	13
6.2.4 Tilsyn med farleg stoff og HMS-tilsyn med særskilte objekt .....	14
6.2.5 Brannvernopplæring for barn og unge.....	14
6.2.6 Fyrverkeri.....	14
6.2.7 Sal av kurs .....	14
6.2.8 Bekymringsmeldinger.....	14
6.2.9 Synfaringer på større arrangement.....	14
6.3 Seksjon for feiing og tilsyn med fyringsanlegg.....	15
6.3.1 Om seksjonen .....	15
6.3.2 Feiing av røykpiper og tilsyn med fyringsanlegg .....	15
6.3.3 HMS- soteksponering .....	15
6.3.4 Båt.....	15
7.0 Møtepunkt.....	16
8.0 Vedtak.....	16


## 1.0 Visjon og innleiing

Øygarden brann og redning KF (ØBR) har som visjon å vere i arbeid for eit branntrygt lokalsamfunn. Det er difor vi går på arbeid kvar dag, og kva vi strekk oss mot. Arbeidet er basert på å vere serviceinnstilt, truverdig, real, imøtekomande og lojal.

Vårt primære føremål er å ta i vare kommunen sine behov, plikter og oppgåver slik dei er nedfelt i lov og forskrift vedk. brann- og redningsberedskap, brannførebyggjande arbeid, feiing og tilsyn med fyringsanlegg. Brannokumentasjonen viser korleis føretaket skal vere rusta for å handtere oppgåvene. Andre aktuelle grunnlagsdokument er vedtekter, driftsavtale og denne verksemdsplanen.

Verksemdsplanen skal vere eit styringsverktøy på overordna nivå.

Kvar avdeling vil ha eigne, meir detaljerte, planar for fleire av sine ansvarsområder. Døme på dette er ein plan for tid og stad for gjennomføring av tilsyn i særskilde brannobjekt. Verksemdsplanen har sitt utgangspunkt i sentrale krav og oppgåver, som kjem fram i vedteker og driftsavtale.



## 2.0 Styret

Føretaket sitt styre skal bestå av 5 medlemar og 5 varamedlemar, med numerisk varamedlem.

Styret vert vald av kommunestyret sjølv etter følgjande reglar:

- 4 medlemar og 4 varamedlemar vert vald blant kommunestyret sine medlemar eller andre innbyggjarar i kommunen, som kommunestyret vil føreslå
- 1 medlem med varamedlem vert vald blant dei tilsette etter forslag frå organisasjonane

Frå § 8, 4. ledd i vedtektene for føretaket, går det fram at styret skal sjå til at drifta er i samsvar med gjeldande brannokumentasjon, og skal presentere verksemdsplanen for kommunestyret.

## 3.0 HMS-mål

### Hovudmål

ØBR har som mål å ikkje ha personskader på våre tilsette, skade på utstyr og materiell eller miljø, som følgje av vår aktivitet. ØBR skal utvikle helsefremmande arbeidsplassar med fokus på godt arbeidsmiljø, god kommunikasjon, og god fysisk og psykisk helse.

#### Delmål 1

Dei tilsette skal kjenne til korleis førebyggje skader, som kan oppstå som følgje av arbeid ved ØBR

#### Delmål 2

Sikre formålstenleg bruk av køyretøy, bygg og materiell

#### Delmål 3

Styrke det sosiale samspelet

## 4.0 Administrasjonsavdeling

### 4.1 Generelt

Avdelinga arbeider med strategisk planlegging, økonomi, ROS, internkontroll og personalrelaterte oppgåver. Avdelinga består for tida av brann- og redningssjef, personal- og hmsleiar, og branningeniør. Alle er heiltidstilsett.

Inndeling	Mål for 2022	Måloppnåing
Hovudmål	Styrke HR-arbeidet, gjennom godt og formålstenleg samarbeid med kommunen, og intern kompetanse og kapasitet	
Sentrale oppgåver	Kontaktpunkt opp mot Øygarden kommune i personal/HRM-relaterte spørsmål	
	Bistå beredskaps- og førebyggjande avdeling med merkantile oppgåver, og personal- og hmsrelaterte oppgåver. Styrke HR-arbeidet, gjennom gode og formålstenlege avtaler med kommunen, og intern kompetanse og kapasitet	
	Saksbehandling og utsending av saker for styret	
	Administrere heimeside på internett og infoskjermløysing	
	Kontaktpunkt opp mot bedriftshelsetenesta	
	Budsjettarbeid	
	Årsmelding 2021	
	Statusrapportering til styret	
	Kontaktpunkt oppmot Øygarden kommune i beredskaps- og ROS-relaterte spørsmål	
	Oppfølging og revisjon av interne reglement, retningsliner, arbeidsmiljøundersøking o.l.	
Kompetanse	Relevant kompetanseheving innan avdelinga sitt ansvarsområde	
HMSK	Gjennomføring av internrevisjon og leiinga si gjennomgang	
	Vernerundar	
	Gjennomføre årssamtalar iht. plan	
	Forvaltar system for handtering av uønska hendingar og avvik (RUHA-meldingar) i Compilo.	
	Lage plan for HMS-arbeidet for 2023	
	Lage plan for opplæring og kurs for 2023	
Spesielle oppgåver i 2022	Utarbeide ny investeringsplan	
	Strategisk kompetanseplan for ØBR KF. Planen skal famne om behov for eksisterande og framtidig kompetanse, og leggast fram for styret.	

### 4.2 Internrevisjon og leiinga si gjennomgang

Det skal vere ein årleg internrevisjon av systemet. Personal- og hmsleiar skal gjennomføre samtaler med respektive avdelingsleiarar og brann- og redningssjef, der selskapet sitt internkontrollsystem er tema. Alle avdelingar går rutinemessig gjennom sine prosedyrar. Internrevisjon og gjennomgang skal dokumenterast.

I leiinga sin gjennomgang, oppsummerer leiargruppa ved føretaket internrevisjonen, og lager ein plan for oppfølging av punkt som må endrast. Personal- og hmsleiar koordinerer prosessen.

## 4.3 HMS- og arbeidsmiljøarbeid

### 4.3.1 Vernerunde

Vernerundar vert gjennomført i samsvar med oppsett plan, og i samråd med vernetenesta.

### 4.3.2 Plan og måling av arbeidsmiljøet

ØBR har for året 2022 laga ein overordna plan for HMS – arbeidet, med 3 delmål og tiltak, som er direkte knytt opp mot hovudmålet. I tillegg har vi skissert andre faste HMS aktivitetar gjennom året. Planen skal innehald tid for gjennomføring av tiltaka.

ØBR skal bruke formålstenleg kartleggingsverktøy for arbeidsmiljøet, og skal nytta same målevertøy som Øygarden kommune.

### 4.3.3 Oppfølging av hms-arbeidet

ØBR skal sørge for at alle tilsette har tilstrekkeleg kunnskap og ferdigheter i systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid. Ved endringar skal dette implementerast ut i heile organisasjonen. Ved registreringar av uønska hendingar og avvik, skal tiltak informerast ut til hovudverneombod/verneombod. ØBR nyttar Complio, på lik line med resten av Øygarden kommune.

### 4.3.4 Plan for opplæring og kurs

Planen skal synleggjere opplæring og kompetanseheving gjennom kurs og seminar. Planen er årleg og tek utgangspunkt i det årlege driftsbudsjettet sin ramme for opplæring. Formalopplæring av brannkonstablar og utrykkingsleiarar vert styret gjennom kurs ved Norges Brannskole. Det er ikkje samsvar med kva behov vi har og det antal kursplassar som er tilgjengeleg. Difor vert det i planen sett opp behovet, og dersom vi får plassar kan det vere aktuelt med ekstramidlar for å finansiere kursa.

### 4.3.5 Strategisk kompetanseplan

Denne planen vil vere djuptgåande og ha lengre tidshorison enn t.d. plan for opplæring og kurs. Her vil vi sjå på kva for kompetanse som skal gjenspegle vår utøving av oppåver for lokalsamfunnet. Vi må sjå på den kompetanse vi har i dag, kva som vert kravd framover i forhold til dei oppgåver vi skal utøve, og også sjå på om det er særskilt spisskompetanse vi ønskjer å ha ved dei ulike stasjonane. Planen vil famne om alle avdelingar.

### 4.3.6 Årssamtale

Årssamtalen ved respektive avdeling, skal gjennomførast på vårparten. I samtalen, som er mellom overordna og direkte underordna, tar ein opp alt som vedkjem arbeidsforholdet til den einkilde. Både oppgåveløysing, trivsel, sosialt samspel, samarbeid med leiar, kompetanse, fysiske arbeidstilhøve, løn m.m. I etterkant vert det laga ein handlingsplan, som begge partar godkjenner. Samtalen skal vere gjennomført innan 1. juli og oppfølgingsamtale innan 31.12. Dette gjeld berre for heiltidstilsette.

## 4.4 Årsmelding for 2021 Øygarden brann og redning KF

Dette er eit dokument som skal synleggjere Øygarden brann og redning KF sine aktivitetar i 2021. Årsmeldinga viser oppnådde mål, hendingar og økonomi for året 2021. Årsmeldinga skal vere inndelt i områder som særleg viser aktivitetsnivået ved ulike avdelingar og seksjonar.

## 4.5 Rekneskap for 2021 for Øygarden brann og redning KF

Rekneskapen for 2021 skal leggjast fram for styret og godkjennast av kommunestyret.

## 4.6 Statusrapport

Dette er ei rapportering til styret om status for aktivitetar i verksemdsplanen. Styret får nærare informasjon om framdrift for dei ulike områda som planen regulerer. Rapportering som hovudregel kvart kvartal.

## 4.7 Driftsbudsjett for 2023, og økonomiplan for 2023 – 2026

I dette ligg arbeidet med neste års driftsbudsjett, samt økonomiplan for den neste fire-års perioden. Styret får sakene til behandling, og dei vert deretter lagt fram for kommunestyret.

## 4.8 Revidert investeringsplan for 2023 - 2027

Styret for Øygarden brann og redning IKS vedtok i sak S16/2019 Investeringsplan for 2020 – 2025. Etter ny organisering som kommunalt føretak og vedtak om driftsavtale for Øygarden brann og redning KF, vert det behov for å revidere investeringsplanen.

## 4.9 Kvartalsmøte - heiltidstilsette

Det vert gjennomført fellesmøter for heiltidstilsette kvart kvartal. Møta har fast agenda med orienteringar frå respektive avdeling, aktuelle saker frå brann- og redningssjefen, HMS og internkontroll, samt særskilte tema som er meldt inn. Desse møta kjem i tillegg til ordinære avdelingsvise møte. Her vert det opna opp for dialog om aktuelle tema, hendingar og utfordringar innan HMS arbeidet.

## 4.10 Møte med tillitsvalde og verneombod

Det vert gjennomført jamlege 3-partsmøter med tillitsvalde, verneombod og leiinga. I tillegg skal det vere særskilde møter med vernomboda, og det kan og vere aktuelt med informasjonsmøter og drøftingsmøter.

## 5.0 Beredskapsavdeling

### 5.1 Generelt

Avdelinga har ansvaret for brann- og redningsberedskap i Øygarden kommune, og består av avdelingsleiar, seksjonsleiar beredskap – deltidsstyrke, og materialforvaltar. Alle er heiltidstilsett.

I tillegg kjem tilsette ved dei tre brannstasjonane; Dalsneset, Skogsskiftet og Ågotnes. Til saman 60 personar, alle deltidsstilsett.

Inndeling	Mål for 2022	Måloppnåing
Hovudmål	Arbeide for at avdelinga har den kompetanse, utstyr og ressursar, som trengst for å løyse oppgåvene avdelinga er tillagt innafor akseptable risiko og HMS-vilkår, samt er dimensjonert iht minstekrav i forskrift og branndokumentasjon	
Sentrale oppgåver	Gjennomføre opplæring og øving i høve til lov- og forskriftskrav og vedtekne planar, samt dokumentere dette på ein etterretteleg måte.	
	Arbeide vidare saman med kommunen, for å få eit betre system på samhandling med kommunen der det er aksjonar som går til kommunale eigedomar.	
	Arbeide for å sikre trygge og sunne arbeidsforhold for menneskap.	
	Arbeide for å få eit system med kommunal forureiningsmyndighet kring oppdrag som omhandlar nedsunkne båtar konkret, og budsjettdekking av forureiningsaksjonar generelt.	
	Arbeide med vidareutvikling av samarbeidet i Vest brann- og redningsregion, og andre lokale beredskapsaktørar, for å utnytte synergjar og kapasitetar på ein god og formålstenleg måte.	
	Ha fokus på HMS m.a. ved aktiv bruk av prosedyreverk og øving/opplæring.	
	Oppfølging av rapport/avvik etter Arbeidstilsynet sitt tilsyn.	
	Jobbe vidare med å få til god flyt i digitale timelister.	
	Vidareutvikle utrykkingsleiarrolla m.o.t. leiarfunksjon opp mot 7-trinnsmodellen.	
	Jobbe med tilpassing/endring i vaktoppsett.	
	Oppfølging av byggjeprojekt ny brannstasjon Skogsskiftet.	
	Fylgje opp med tiltak etter evaluering av utmarksbrann 2021.	
	Byggje lagfølelse i, og mellom, stasjonane.	
	Gjennomføre årleg fysisk test.	
Kompetanse	Sikre at personell har formell og reell kompetanse til å utføre dei oppgåver ØBR vert stilt overfor.	
	Revidere øvingsplan/bruke øvingsgruppa aktivt.	
HMSK	Gjennomføre årssamtalar heiltid, og statusamtalar deltid iht. Plan.	
	Bruke prosedyrar inn mot øvingar og opplæring.	
Spesielle oppgåver i 2022	Dokumentasjon på kompetanse for å operere Ø3Båt.	
	Grunnkurs brannkonstablar.	

### 5.1.1 Leiarfora

Samspelet mellom leiarar i beredskapsstyrken er viktig. For å styrke kompetansen blant våre leiarar er det etablert ein plattform der alle med leiarfunksjonar i beredskapsstyrken, kan samlast for å diskutere relevante problemstillingar i høve med utøving av leiarfunksjonen.

### 5.1.2 Opplæring og øvingar for beredskapspersonell

Opplæring og øving av brannmannskap på alle nivå er omfattande og arbeidskrevjande, og vi har krav på oss om dokumentasjon på dette feltet. ØBR skal bruke hensiktsmessig verktøy/dataprogram for å administrere og dokumentere øving og trening for mannskap i beredskapsavdelinga. Programmet skal og nyttast til dokumentasjon av formalopplæring og internopplæringa av nye mannskap. Internkontrollarbeid er naturleg del i øvingsplanen og øvingane i 2022. Dette vert gjort m.a. ved at vaktavande brannsjef og utrykkingsleiar skal ha høgt fokus på helse-, miljø- og sikkerhet, og at HMS&K-prosedyrane, som omhandlar øvingstema, vert inkludert i teoridelen av øvinga.



Øving varmddykk i VBR-kontainer

## 5.2 Oppfølging branddokumentasjon

Branddokumentasjonen er eit av våre viktigaste dokument, som regulerer vår verksemd. Avdelinga vil jobbe for å få innført og vidareført dei tiltaka som ligg i gjeldande branddokumentasjon.

## 5.3 Seksjon for beredskap - deltidstyrke

Seksjonen har ansvaret for vaktoppsett, øvingar, kompetanseheving o.a. ved alle tre brannstasjonar.

Beredskapsstyrken ved dei tre stasjonane består for tida av deltidstilsette i vaktordning etter plan. Seksjonen vert leia av ein seksjonsleiar i heil stilling.

### 5.3.1 Fysisk test og helsekontroll

Etter at Arbeidstilsynet reviderte krav til fysisk test og legeundersøking for røykdykkarar, har vi utarbeidd nytt internt regelverk for dette. Gjennomføring av test og helsekontroll skal dokumenterast.

Det blir stilt krav til helseundersøking av arbeidstakarar *før* dei vert tilsett ved beredskapsavdelinga ved ØBR. Den vidare kontrollen er omtalt i helsekrava. Hovudpoenget er å sikre at både arbeidstakar og arbeidsgjevar fyller sine forpliktingar.

### 5.3.2 Statusamtale deltidstilsett

Statusamtale med deltidstilsette i beredskapsstyrken vert gjennomført individuelt, med fokus på arbeidsmiljø, HMS/K og arbeidstilhovet i ØBR. Dette vert gjort kontinuerlig, og slik at det er minst slik samtale anna kvart år. Seksjonsleiar deltid gjennomfører samtalanane.

### 5.3.3 Ressursplanlegging

Seksjonen jobbar kontinuerlig med å planleggje vaktturnus, og ville kunne ha god nytte av eit ressursplanleggingsverktøy. Saman med kommunen vil vi sjå om det er muligheter for å kunne få dette til.

### 5.3.4 Kjøretrening

Innført og justert opplegg for kjøretrening skal fylgjast og dokumenterast, ref pkt 5.1.2

## 5.4 Utstyr, materiell og stasjonar

### 5.4.1 Generelt

Avdelinga disponerer materiell og utstyr, samt stasjonar, med store verdiar, og har fokus på at dette skal vere operativt og funksjonelt til ei kvar tid. Dette krev gode rutinar og dokumentasjon, samt rammevilkår i form av stasjonslokalar, som er i tråd med dagens krav for sikker og rasjonell drift.

Ingen av dagens stasjonar tilfredsstillar krav til skille mellom rein og skitten sone, ref tilsyn og rapport frå arbeidstilsynet. Pågåande planarbeid for Dalsneset og Ågotnes skal fylgjast opp. Skogsskiftet stasjon er no ute på anbod for å byggje den nye planlagde stasjonen. Byggjestart vert truleg i 2022, og oppfølging av dette arbeidet vert viktig.

Avdelinga har ansvar for ettersyn og kontroll med materiell og køyretøy som Sivilforsvaret har på Ågotnes.

### 5.4.2 Dalsneset brannstasjon

Stasjonen har dårleg/manglande løysing for rein/skitten sone. Det er gjort enkle ombyggingstiltak i stasjonen, og det pågår eit arbeid med å finne ei permanent og godkjent stasjonsplasing/bygging. Prosjektet er omtalt som Mogleighetsstudiet – branntasjonsløysing nord. Dette arbeidet vert fulgt opp vidare.

### 5.4.3 Skogsskiftet brannstasjon

ØBR held til i lokale som ikkje er formålstenlege. Dei siste åra har det vore arbeida med ein alternativ stasjon til dagens løysing. Det er no utlyst anbodskonkurransa (anbudsfrist månadskiftet okt/nov -21). Bygging vil truleg starte opp i 2022, og oppfølging av byggeprosjektet vil vera viktig å ha ressursar på utover i byggjeprosessen.



Skisse av front mot sør av planlagt ny brannstasjon i Skogsskiftet

### 5.4.4 Ågotnes brannstasjon

Ågotnes brannstasjon har utfordringar knytt til rein/skitten sone-inndeling. Arbeidet er sett i gang saman med Sambygg AS, som eig bygget, for å gjere tilhøva betre. Det er og dialog med Arbeidstilsynet i samband med dette arbeidet.

### 5.4.5 Ø.3.Båt

ØBR har ein båt som ligg på sjø året rundt. Denne er lokalisert til Hjeltefjorden båtlag, som er etablert på Rong. Båten vert operert av mannskap frå Dalsneset stasjon.

Båten har vore eit nyttig reiskap, og vi må sikre at kvaliteten på denne delen av tenesta vår har same krav til dokumentasjon og kvalitet som resten. Ref. krav til kompetanse og øving.



Ø.3.Båt

### 5.4.6 Nye køyretøy

I slutten av 2020 fekk vi skifta ut mannskaps- og tankbilane ved Skogsskiftet og Dalsneset brannstasjonar.

Vidare arbeid med utskifting av køyretøy omhandlar utskifting av dei to største bilane vi har ved Ågotnes brannstasjon, og inneber at mannskapsbilen vert skifta ut med ein ny mannskapsbil, og at tankbilen etter tilråding i ROS- og branddokumentasjon vert erstatta av eit høgdereskap. Kjøp av høgdereskap vert sett i samanheng med innføring av dagkasernert beredskap ved Ågotnes brannstasjon. Dette er eit tiltak i vedteken branddokumentasjon heilt tilbake til 2017. Det er imidlertid utvisst når ØBR får tilstrekkelege driftmidlar til dette, og prosessen med kjøp av høgdereskap vert difor utsett inntil vidare. Når avklaring om dagkasernert beredskap er på plass, vil ØBR kome attende til investering av høgdereskap.



Gammal og ny mannskapsbil i Skogsskiftet

Styret ønskjer ein ny investeringsplan. Årsaka til at styret ber om ein revidert plan, er m.a. mindre føreseielegheit kring oppbygging av investeringsfond. I driftsavtalen mellom Øygarden kommune og Øygarden brann og redning KF, går det fram at det skal setjast av midlar til fond i tillegg til ordinære driftsmidlar. Storleik avgjer kommunestyret sjølv.

For å oppretthalde ei god teneste, treng ØBR trygge og funksjonelle køyretøy.

- Vi får meir føreseieleg drift
- Våre tilsette har ein forsvarleg og effektiv arbeidskvardag
- Nye bilar har betre aktiv og passiv tryggleik, og oppgradert funksjonalitet og komfort

I sum skal dette gjere oss betre rusta til å gjere ein god jobb. Ein jobb som skal gjerast året rundt, til alle tider i døgeret, og under skiftande vertilhøve.

## 6.0 Førebyggjande avdeling

### 6.1 Generelt

Avdelinga har ansvaret for det brannførebyggjande arbeidet i kommunen. Avdelinga vil i 2022 venteleg bestå av avdelingsleiar, seksjonsleiar feiing og tilsyn, seksjonsleiar HMS tilsyn, 2 branninspektørar, 1 feiarinspektør og 4 feiarsveinar. I tillegg kjem 0,9 årsverk, som vert utført av branningeniøren på administrasjonsavdelinga. Avdelinga har då 10,9 årsverk (+ ev. lærlingar). Alle er heiltidstilsette.

Inndeling	Mål for 2022	Måloppnåing
Hovudmål	Arbeide aktivt for å førebyggje brann og andre akutte ulykker. Spesielt fokus på riskogrupper.	
Sentrale oppgåver	Vidareføre tilbod om brannvernopplæring til 3.- 6.- og 9.-klassar samt førskulegrupper i barnehagar.	
	Vidareføre brannførebyggjande tiltak for flyktningar og heimebuande eldre i samarbeid med kommunen.	
	Starte opp brannførebyggjande tiltak retta mot personar med rusproblem, i samarbeid med kommunen.	
	Vidareføre brannførebyggjande tiltak retta mot bustadblokkar/sameige og forsamlingslokaler.	
	Gjennomføre tilsyn med særskilte brannobjekt iht. plan.	
	Gjennomføre tilsyn med anlegg med farleg stoff iht. plan.	
	Sakshandsaming av søknader om løyve til sal, oppbevaring og avfyring av fyrverkeri samt gjennomføre tilsyn.	
	Delta aktivt i førebyggjande prosjekt gjennom Vest brann- og redningsregion.	
	Aktiv bruk av brannbamsen «Bjørnis» i det førebyggjande arbeidet.	
	Delta i brannførebyggjande kampanjar som til dømes Brannvernuka, Komfyrvaktkampanjen, Røykvarslardagen, Hyttekampanjen.	
	Gjennomføre feiing og tilsyn iht. til plan.	
	Sakshandsaming av søknader om bål og brenning av utmark.	
	Sakshandsaming av bekymringsmeldingar og andre henvendinger.	
	Synfaringer på arrangement, byggeplassar og andre objekt.	
Kompetanse	Fokus på å utvikle tilsette sin kompetanse gjennom tildeling av oppgåver, kurs, seminar m.m. Sikre god opplæring av nyttilsette.	
	Sikre rett kompetanse for bruk av båt.	
HMSK	Gjennomføre årssamtalar og oppfølgingsamtalar iht. plan	
	Ta i bruk risikomodule i DM brann ift. tilsyn med fyringsanlegg.	
	Følgje opp planlagte tiltak for å redusere soteksponering av feiarar.	
	Evaluering av brannar og det brannførebyggjande arbeidet	
Spesielle oppgåver	Skaffe eigna kjøretøy/båt for feiing og tilsyn. Sikre innredning og utstyr som tek i vare krav til rein og skitten sone.	
	Delta i planlegging av ombygging av Ågotnes stasjon. Sikre tilstrekkeleg skilje mellom rein og skitten sone.	

### 6.1.1 Informasjonsarbeid

Førebyggjande informasjon vert jamleg lagt ut på vår nettside og facebook gjennom året. Spesielt vert det sett fokus på fare for utmarksbrannar i samband med grilling og bålbrekking om våren, brannfare i båt og campingbil/-vogn på sommeren samt brannfare i bustader i desember. Heilt på slutten av året er det fokus på farar ved bruk av fyrverkeri. Elles vert det lagt ut fortløpande informasjon om brannførebyggjande kampanjar og andre aktivitetar vi deltek i gjennom året. Feiare og tilsynspersonell driv heile året eit aktivt førebyggjande informasjonsarbeid i direkte kontakt med innbyggjare ved utøving av feie og tilsynstenesta. Vi har og nokre gonger i året konkurranser med brannverntema på nettet, med fine premiar til vinnarane.

## 6.2 Seksjon for hms-tilsyn og opplæring

### 6.2.1 Om seksjonen

Seksjonen arbeider med tilsyn, opplæring, kurs, brannførebyggjande kampanjar og prosjekt, og vert leia av ein seksjonsleiar. Det er vidare to branninspektørar og ein branningeniør ved seksjonen.

### 6.2.2 Førebyggjande prosjekt

Førebyggjande avdeling har kartlagt ulike forsamlingslokalar rundt i kommunen og har siste år gjennomført synfaringar med eigarar og brukarar av bygga. Hensikta med tiltake er å bidra til betre branntryggleik på forsamlingslokala. Dette tiltaket held fram i 2022.

Det siste 10-året er det sett opp mange bustadblokker i kommunen og fleire er under planlegging. Mange eldre i kommunen har flytta frå einbustader til slike blokker. Brannvernet gjennomfører møter og synfaringar saman med styrerepresentantar i sameige i slike bustadblokker for å informere om styret sitt ansvar for branntryggleiken. Dette arbeidet held fram i 2022.

Brannvernet har eit godt samarbeid med kommunalsjef for helse, og velferd retta mot ulike risikogrupper.

Alle som får innvilga tryggleiksalarm får heimebesøk av brannvernet kor vi monterer røykvarslarar som vert kopla til tryggleiksalarmen. Samstundes tar vi ein samtale med bebuaren om branntryggleik i heimen deira.

Vi samarbeider med kommunen om brannførebyggjande tiltak for flyktningar. Introduksjonsprogrammet for flyktningar i kommunen, inneheld ein dag på brannstasjonen med brannverninformasjon og sløkkjeøvingar. Det vert og gjennomført heimebesøk hos eit utval bustader.

I 2022 ynskjer vi å starte opp tiltak retta mot personar med rusproblem. Desse personane utgjer ei risikogruppe for å omkomme eller bli skadd i brann. Vi vil her søke samarbeid med rusomsorgen i kommunen.

### 6.2.3 Førebyggjande kampanjar

Avdelinga deltar i fleire sentralt initierte førebyggjande kampanjar kvart år. Dette er landsomfattande aksjoner som tar for seg viktige førebyggjande tema. Kampanjane får gjerne god dekning i riksmedia. Nokre av dei landsomfattande kampanjane er til dømes:

- *Røykvarslardagen* vert innleia med røykvarslarens dag 1. desember, og fulgt opp med frivillige bustadkontrollar i desember. Kontrollane består av ein enkel gjennomgang av branntryggleik i bustaden.
- *Brannvernuka* vert gjennomført kvart år i september. Høgdepunktet i aksjonen er open dag på brannstasjonen med ulike stands og aktivitetar for born og vaksne. Dei to siste år har det ikkje vore arrangert open dag pga. Koronapandmien, men vi planlegg for at dette kan tas opp igjen i 2022. Vi vekslar på halde open stasjon på Dalsneset/Skogsskiftet og Ågotnes.
- *Komfyrvaktkampanjen* har fokus på brannfare ved matlaging på komfyren. Mange brannar i bustader startar på komfyren. Vi held stand på kjøpesentre og deler ut kampanjemateriell.

## 6.2.4 Tilsyn med farleg stoff og HMS-tilsyn med særskilte objekt

Vi gjennomfører tilsyn med anlegg med farleg stoff. Dette kan til dømes vere gassanlegg til oppvarming av bygg. Erfaringsmessig vert det avdekka ein del avvik på slike tilsyn.

Gjennomføring og prioritering av tilsyn på særskilte brannobjekt skal skje på bakgrunn av:

- a) risikoen for tap av liv og helse
- b) risikoen for tap av materielle og kulturhistoriske verdiar
- c) risikoen for samfunnsmessige konsekvensar
- d) risikoen for brot på førebyggjande plikter
- e) effekten av tilsyn samanlikna med andre førebyggjande tiltak

Det er registrert 123 særskilte brannobjekt i kommunen. Vi gjennomfører i mange tilfelle separate tilsyn med eigar og brukar av bygga. Vi fører jamleg tilsyn med alle objekt, men frekvensen på tilsyn på det enkelte objekt er avhengig av kvaliteten verksenmda sitt brannvernarbeid.

## 6.2.5 Brannvernopplæring for barn og unge

Barnehagane sine førskulegrupper har ståande tilbod om å komme på besøk på våre brannstasjonar. Her vil dei få brannvernundervisning, spyle med brannslange, sjå på utstyr og bilar, møte og helse på brannbamsen *Bjørnis*, og køyre ein liten tur med brannbilen.

Vi tilbyr og brannvernopplæring for alle 3. -, 6.- og 9. klassar i kommunen. 3. klassingane vert utpeikt til «Hemmeleg agent 110». Då er vi inne i ein skuletime og snakkar om branntryggleik i heimen. Elevane får utdelt ein sjekklister til bruk i heimen. For 6. og 9. klasse har vi 2 timar opplæring med brannteori og praktiske sløkkjeøvingar. Innhaldet av brannteori er tilpassa aldersgruppa.



Bjørnis deltek aktivt i det førebyggjande arbeidet retta mot born

## 6.2.6 Fyrverkeri

For tida er det 16 godkjende utsalsstader for fyrverkeri i kommunen. Det vert gjennomført tilsyn med alle utsalsstader kvart år. Tilsynet skal avdekkje eventuelle brot på vilkåra for løyve til sal og oppbevaring.

## 6.2.7 Sal av kurs

Førebyggjande avdeling tilbyr kurs innan førstehjelp og brannvern. Vi tilpassar innhaldet i kursa etter ønskje og behov. Kurset kan haldast i våre lokaler på Ågotnes brannstasjon eller vi kan kome ut på arbeidsplassen til verksemda.

## 6.2.8 Bekymringsmeldingar

Branntips.no er utarbeida som eit landsomfattande prosjekt kor alle kan melde inn bekymringar angående branntryggleiken. Vi ønskjer i hovudsak å få inn alle bekymringsmeldingar via branntips.no, men tar og imot slike meldingar via e-post og tlf. Vi registrerer alle bekymringsmeldingar og føl dei opp med tiltak. Vi ønskjer å få inn bekymringsmeldingar for å kunne unngå at ein brann oppstår og potensielt redde liv.

## 6.2.9 Synfaringer på større arrangement

Ved større arrangement som boligmesse, bilmesse, båtmesse, konsertar osv. som vert arrangert i bygg som ikkje er berekna for slik bruk, skal ansvarleg for arrangementet sende melding til brannvernet.

Meldinga inneheld opplysningar om tryggleikstiltak på arrangementet. Brannvernet gjennomfører i mange høve synfaring under rigginga av arrangementet, og ser på branntryggleiken saman med arrangøren.

## 6.3 Seksjon for feiing og tilsyn med fyringsanlegg

### 6.3.1 Om seksjonen

Seksjonen har ansvaret for feiing av røykpiper, og tilsyn med fyringsanlegg i heilårsbustader og fritidsbustader. Frekvens på feiing og tilsyn vert sett ut frå risiko på det enkelte fyringsanlegg. Seksjonen skal bestå av fire feiarsveinar, ein feiarinspektør og seksjonsleiar. Alle er heiltidstilsette. ØBR er opplæringsbedrift i feiarfaget, og har frå tid til anna feiarlærling under opplæring.

### 6.3.2 Feiing av røykpiper og tilsyn med fyringsanlegg

Feiing og tilsyn med fyringsanlegg vert gjennomført i medhald av, og i samsvar med, brann- og eksplosjonsvernlova. Feie- og tilsynsarbeidet er basert på risiko på det enkelte fyringsanlegg. Frekvensen på feiing og tilsyn varierer difor frå eldstad til eldstad. Vurderinga av risiko er basert på mellom anna fyringsmønster, type eldstad, skorsteinstype og ev. avvik.

### 6.3.3 HMS- soteksponering

Seksjonen gjennomførte i 2020 ein risiko- og sårbarhetsanalyse med fokus på eksponering for sot i utføring av tenesta. Ein del tiltak vart innført i 2021, og i 2022 skal det innførast fleire tiltak for å redusere risikoen som vart avdekka. Utskifting av køyretøy og ombygging av garderobar og vaskerom med tydelig skilje mellom rein og skitten sone er døme på tiltak som skal på plass i 2022.

### 6.3.4 Båt

Innføringa av lovpålagt feiing og tilsyn med eldstader i fritidsbustader har medført behov for båt for å kome seg ut til fritidsbustadane. Ved mange høve ligg dei på øyar og holmar samt andre veglause områder over heile kommunen. Avdelinga har til no disponert ein liten open båt. Erfaringa viser at det er behov for ein båt med noko andre kvalitetar.

Feiarane er ute heile dagen og det vil difor være behov for vaskemoglegheiter, toalettfasilitetar og ein plass å ha skifteklede og anna utstyr. Det må og takast høgde for oppbevaring av soteksponerte klede og anna utstyr ombord.

Ein ny båt må tåle noko meir sjø enn dagens båt, for å unngå for store avgrensningar i bruk.



Mange utfordringar for feiaren for å kome seg på hyttefeiing

## 7.0 Møtepunkt

Møtetype	Deltakarar	Frekvens	Innkallar
Avdelingsmøte – beredskap	Beredskapsavd. – heiltid	Normalt kvar månad	Leiar beredskapsavdeling
Leiarmøte – førebyggjande avd.	Avdelingsleiar og seksjonsleiarar	Etter behov	Leiar førebyggjande avdeling
Fysisk test	Beredskapsstyrke	Årleg	Seksjonsleiar beredskap - deltidstyrke
Helsekontroll	Beredskapsstyrke, feiarar	I høve til alder og funksjon	Personal- og hmsleiar
3-partsmøte	Tillitsvalde, verneombod og leiinga	Normalt kvar annan månad	Personal- og hmsleiar
Internrevisjon	Leiargruppa	1 gang per år	Personal- og hmsleiar
Julesamling	Alle	1 gang per år (2. halvår)	Personal- og hmsleiar
Kvartalsmøte	Alle heiltidstilsette	4 ggr. per år.	Brann- og redningssjef
Leiarfora	Vakthavande brannsjefar og utrykkingsleiarar	Min 2 ggr. per år	Leiar beredskapsavdeling
Leiargruppemøte	Leiargruppa	Normalt kvar 14. dag	Brann- og redningssjef
Leiinga si gjennomgong	Leiargruppa	1 gang per år (etter internrevisjonen)	Personal- og hmsleiar
Stabsmøte – overordna vakt	Vakthavande brannsjefar (5)	Normalt kvar 4. veke	Leiar beredskapsavdeling
Statussamtale	Deltidstilsette, beredskap.	I 2022 vert det samtalar med dei som ikkje hadde samtale i 2021.	Seksjonsleiar beredskap - deltidstyrke
Styremøte	Styret, brann- og redningssjef og varabrannsjef. Andre ved behov	Etter behov.	Styreleiar
Vernerunder	Personal- og hmsleiar, avd. leiarar, HVO(ØBR), PVO	Årleg	Personal- og hmsleiar
Årssamling	Alle	1 gang per år (1. halvår)	Personal- og hmsleiar
Årssamtale	Alle heiltidstilsette	1 gang per år	Respektive leiar
Årssamtale, oppfølging	Alle heiltidstilsette	1 gang per år	Respektive leiar

## 8.0 Vedtak

Verksamdsplanen for ØBR KF for 2022 er tilrådd av styret i sak S043/21 og vedteke av kommunestyret i sak KS159/21.



[www.oybr.no](http://www.oybr.no)